

Til stades: Per Øyvind Tveiten - leiar, Mari Skeie Ljones – nestleiar
Helene M. Bolstad - nestleiar, Jan Heier, Olav L. Mjelva, Tove
Leinslie, Thor Hauknes – 3.vara

Linda Dyrnes, dagleg leiar

Ingrid Stuhaug under sakene 21-29

Marit Vestrum under sakene 30-34

Tid: Onsdag 18.mars kl. 10.00-17.00

Stad: Schous, Oslo

Referat

Styresak 2015/21 Innkalling og sakliste

Styresak 2015/22 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

Styresak 2015/23 Revidert budsjett 2015, budsjett 2016 og budsjett 2017.

Styresak 2015/24 Godkjenning av sakspapir til landsmøtet

Styresak 2015/25 Framlegg til ny representant til valnemnda i FolkOrg

Styresak 2015/26 Fordeling av arbeidsoppgåver på landsmøtet

Styresak 2015/27 Utnevning av nytt heidersmedlem i FolkOrg

Styresak 2015/28 Godkjenning av høyringsinnspel om evaluering av knutepunktordninga

Styresak 2015/29 Godkjenning av arbeidsplan

Styresak 2015/30 Årets lokallag

Styresak 2015/31 Godkjenning av medlemsskap; Gudbrandsdølenes spelmanntslag

Styresak 2015/32 Endringar i retningsliner for Frifond

**Styresak 2015/33 Endringar i retningsliner i nettverk for
folkemusikkarrangørar**

Styresak 2015/34 Endringar i vedtektena knytt til områdelag

Styresak 2015/35 Eventuelt

Styresak 2015/21 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2015/22 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Rekneskap 2014; resultatet var ikkje endeleg klart på møtetidspunktet, men totalt sett er det eit mindre avvik. Det er variasjonar mellom dei ulike avdelingane og prosjekta, der det er meirforbruk på nokre og mindreforbruk på andre.
- b) Driftsrapport per mars 2015:
 - a. Rådgjeving/opplæring/service – oppsummering:
 - i. Vi har gitt rådgiving til lag og arrangørar om ulike tema.
 - ii. Vi har tatt opp nye medlemslag
 - iii. Vi planlegg seminar til landsmøte
 - iv. Vi planlegg dommarkurs i samarbeid med Buskerud folkemusikkklag
 - v. Vi er i gang med førebuinga av seminar på Folkelarm
 - vi. Vi har arbeid med tilskotsordningar
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Vi har arbeidd med årets lokallag
 - ii. Vi har følgt opp arbeidet mot lokale arrangørar av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.
 - iii. Vi har revidert kappleiksreglementet ut frå innspel frå miljøet
 - iv. Vi har planlagt samling der vi skal revidere arrangørhandboka
 - v. Planlegginga av årets Folkelarm er godt i gang.
 - vi. Planlegginga av INTROfolk er godt i gang.
 - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Første nummer av Folkemusikk i 2015 er ute.
 - ii. Vi arbeider med ferdigstilling av folkorg.no
 - iii. Sendt ut to nyhendebrev til lokallaga og eit til arrangørane.
 - d. Påverknad/samarbeid – oppsummering
 - i. Vi har skrive kronikk til protest mot kuttet i NRK si Arkiv- og researchavdeling.
 - ii. Vi har vore i møte med Arbeiderpartiet på Stortinget og diskutert kunstnarkår.
 - iii. Vi har byrja arbeidet med høyringssinnspel om knutepunktordninga
 - iv. Diverse seminar under By:Larm
 - v. Seminar på Noregs musikkhøgskole om rekruttering til folkemusikk og folkedans
 - vi. Møte med Musikkutstyrssordninga
 - vii. Festivalundersøking
 - c) Diverse andre orienteringar
 - a. Vi har vore i møte med Talent Norge for å kunne gi innspel til den nye satsinga til kulturminister Widvey. Det er store moglegheiter til å gi innspel til kva som trengs for å få fram talentar.
 - b. I møtet som Arrangørforum hadde med Norsk kulturråd kom det fram at det lønnar seg å tenke langsiktig når arrangørar søker tilskot til konserter, sok for minst eit år av gongen, og gjerne fleire saman. Dei ønskjer også at

Arrangørforum skal komme med innspel til kva ein god arrangørpolitikk er.
Det vil vi i Arrangørforum gjere.

Vedtak: *Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering.*

Styresak 2015/23 Revidert budsjett 2015, budsjett 2016 og budsjett 2017.

Vedtak:

- a) Styret godkjenner framlegg til revidert budsjett for 2015.
- b) Styret godkjenner framlegg til budsjett for 2016.
- c) Styret godkjenner framlegg til budsjett for 2017.

Styresak 2015/24 Godkjenning av sakspapir til landsmøtet

Vedtak: *Styret godkjenner framlegg til sakspapir til landsmøtet.*

Styresak 2015/25 Framlegg til ny representant til valnemnda i FolkOrg

Vedtak:

Framlegg til ny valnemnd i FolkOrg:

Aslak Brimi	ikkje på val, to år att av valperioden
Torunn Raftevold Rue	attval eit år ekstra fram til 2017
.....	for to år

Vi spør utifrå namneliste/a som vart vedtatt på styremøtet

Framlegg til ny valnemnd i FolkOrg:

Aslak Brimi	ikkje på val, to år att av valperioden
Torunn Raftevold Rue	attval eit år ekstra fram til 2017

Rolf Feragen

for to år

Styresak 2015/26 Fordeling av arbeidsoppgåver på landsmøtet

Styret har gjort denne fordelinga av oppgåver under landsmøtehelga:

- Per Øyvind Tveiten, Mari Skeie Ljones og Helene M. Bolstad deltek på møte med områdelaga på fredag. Dei andre i styret er og velkomne.
- Per Øyvind Tveiten ønskjer velkommen før seminar og når sjølve landsmøtet starter.
- Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksliste - Per Øyvind Tveiten
- Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter – Linda Dyrnes
- Sak 3 Val av møteleiar og protokollførar - Per Øyvind Tveiten
- Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen, redaksjonskomité og tellekorps
- Sak 5 Årsmelding 2014 for FolkOrg. Mari Skeie Ljones og Helene Myklemyr Bolstad
- Sak 6 Rekneskap 2014 for FolkOrg. Per Øyvind Tveiten
- Sak 7 Melding frå tilsynsnemnda. Per Øyvind Tveiten
- Sak 8 Langtidsplan for FolkOrg, med særskilde satsingar for perioden. Per Øyvind Tveiten.
- Sak 9 Familiemedlemsskap og støttemedlemsskap. Jan Heier.
- Sak 10 Fastsettjing av medlemspengar. Jan Heier
- Sak 11 Revidert budsjett 2015 – Hilde Reitan
- Sak 12 Budsjett 2016 – Hilde Reitan
- Sak 13 Budsjett 2017 – Hilde Reitan
- Sak 14 Oppnemning av revisor - ordstyrarar
- Sak 15 Val – valgkomiteen v. Sigurd Johan Heide

Styresak 2015/27 Utnemning av nytt heidersmedlem i FolkOrg

Vedtak: Kari Margrethe Okstad vert oppnment til nytt heidersmedlem i FolkOrg

Styresak 2015/28 Godkjenning av høyningsinnspel om evaluering av knutepunktordninga

Vedtak: Styret vedtek framlegg til høyningsinnspel om evalueringa av knutepunktordninga.

Styresak 2015/29 Godkjenning av arbeidsplan

Vedtak: Framlegg til arbeidsplan for administrasjonen i FolkOrg vert vedteke.

Styresak 2015/30 Årets lokallag

Vedtak:

Dei nominerte til årets lokallag i alfabetisk rekkefølgje er:

Gjøvik spelmannslag

Naustedalen spelemannslag

Verdal Juniorspellmannslag

Vinnar er Gjøvik spelmannslag

**Styresak 2015/31 Godkjenning av medlemsskap; Gudbrandsdølenes
spelmannslag**

*Vedtak: Søknaden om medlemskap i FolkOrg fra Gudbrandsdølenes spelmannslag
er godkjend.*

Styresak 2015/32 Endringar i retningsliner for Frifond

Vedtak:

*Styret vedtek forslag til endring i punkt 3 i FolkOrg sine retningsliner for fordeling
av Frifond organisasjon:*

1) Driftstilskot til oppstart, drift og aktivitet.

*Drift (f.eks. faste øvingskveldar og møteverksem) kan søkjast på grunnlag av tal
på medlemmar (som har betalt kontingen 31.12 året før utlysning) under 26 år.*

2) Tilskot til prosjekt eller bestemte aktivitetar.

*Prosjekt og bestemte aktivitetar som kurs, reiser, samlingar, seminar osv. som
rettar seg mot born og ungdom under 26 år, med målsetting om rekruttering. Her
kan også lag som ikkje har medlemmar (som har betalt kontingen 31.12 året før
utlysning) under 26 år søkje.*

**Styresak 2015/33 Endringar i retningsliner i nettverk for
folkemusikkarrangørar**

Vedtak:

I retningslinene for nettverket for folkemusikkarrangørar i Noreg, endrast setninga, "Som grunnlag for medlemsskap må majoriteten av arrangementa til institusjonen/ aktøren vere knytt til folkemusikk og/eller folkedans", til, "Som grunnlag for medlemsskap må ein betydeleg del arrangørens-/ institusjonens profil og arrangement vere knytt til folkemusikk og/eller folkedans".

Styresak 2015/34 Endringar i vedtektena knytt til områdelag

Vedtak: Sak om organisering av og medlemskap i områdelaga vert utgreia i 2016 og teke opp som sak på landsmøte i 2017.

Styresak 2015/35 Eventuelt

- a) Vi er invitert til møte med Munnspellsammenslutninga på Gjøvik 19.april, men det er diverre ingen som har høve til å delta frå styret. (Det viste seg i ettertid at Marit Vestrum kunne delta likevel.)
- b) Vi er invitert til Sveriges Spälmens Riksförbunds årsmøte 18.-19.april. Det er diverre ingen som hadde høve til å reise helga før vårt eige landsmøte.
- c) FolkOrg spelmannslag (styre og administrasjon i FolkOrg) skal også i år spele under landsmøtet; Helene Myklemyr Bolstad, Jan Heier og Thor Hauknes sender ut kvar sin slått som alle skal øve på.